



MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 2/25
TID: 12.05.2025
STED: Surnadal kommunehus

SAKLISTE :

UTV. SAKNR.	TITTEL
09/25	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.04.2025
10/25	REFERAT OG ORIENTERINGAR
11/25	KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING – SURNADAL KOMMUNE
12/25	FORVALTNINGSREVISJON OM REMIDT – DRØFTING AV BESTILLING AV PROSJEKTPLAN TIL FELLESPROSJEKT
13/25	FORVALTNINGSREVISJON – DRØFTING AV TEMA FOR NYTT PROSJEKT
14/25	OPPFØLGINGSLISTE
15/25	EVENTUELT

Eventuelle forfall meldast på tlf. 95 70 92 80 eller
e-post: knut.evandt@kristiansund.kommune.no

Innkallinga går som melding til varamedlemmer som vert innkalla etter behov.

Ola Magne Nordvik
leiar (s)

Knut Evandt
sekretær

Kopi:
Ordførar
Kommunedirektør
Økonomisjef



Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 09/25	Kontrollutvalet	12.05.2025

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.04.2025

Innstillinga til sekretæren:

Protokollen frå møtet 7. april blir godkjend.

Saksopplysningar

Det blir vist til vedlagte protokoll.

Knut Evandt
Sekretær



Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 10/25	Kontrollutvalet	12.05.2025

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Det er ingen referat eller orienteringar til dette møtet.

Knut Evandt
Sekretær

Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
--------------	-------	----------



KONTROLLUTVALET SI UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING – SURNADAL KOMMUNE

Sekretæren sitt forslag til uttale:

Kontrollutvalet har behandla Surnadal kommune sitt årsrekneskap og årsberetning for 2024, og dessutan tilhøyrande revisjonsrapport.

Årsrekneskapen til kommunen for 2024 viser eit negativt netto årsresultat på 35 mill. kr.

Heile disposisjonsfondet er brukt opp. Dette var ikkje nok for å dekke det negative driftsresultatet, slik at eit framført meirforbruk på kr. 17,8 mill som må dekkast inn fram i tid.

I revisjonsrapporten har revisor ingen merknader til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Årsrekneskapen, årsberetningen og revisjonsrapporten er gitt innanfor dei lovpålagde tidsfristane.

Etter kontrollutvalet si vurdering er dei lovpålagde krava til innhaldet i årsmeldinga etter kommuneloven § 14-7 dekt på ein god måte.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, komme fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seia for uttalen frå utvalet.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga.

Kontrollutvalet vil i tillegg notere følgjande:

Det oppstod store budsjettavvik i 2024, slik at netto driftsresultat enda på over 4% av driftsinntektene. På bakgrunn av dette bør eit meir nøyaktig budsjettgrunnlag, betre budsjettoppfølging og ei tettare oppfølging av økonomien generelt vere viktige målsetjingar framover.

Saksopplysninger

Heimel:

Kommunestyret skal forvalta kommuneøkonomien (kommunelova § 14-1). Dette inneber m.a. at kommunestyret skal vedta årsrekneskap og årsberetning



(§ 14-2).

Årsrekneskapen ferdigstillast seinast 22. februar og behandlast i kommunestyret seinast 30. juni. Frist for årsmeldinga er 31. mars. Årsmeldinga skal behandlast i kommunestyret saman med årsrekneskapen. (§ 14-6 og 14-7).

Årsrekneskapane skal bestå av ein driftsrekneskap og ein investeringsrekneskap. Dei skal i tillegg bestå av ein balanserekneskap og noteopplysningar, og skal førast i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. (§ 14-6).

Kommunar skal utarbeida ei årsmelding for den samla verksemda til kommunen. Det skal også utarbeidast ei eiga årsmelding for kvart kommunalt føretak (§ 14-7):

«Årsberetningen skal blant annet redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid.
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet.
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold av vesentlig betydning.
- d) tiltak som er iverksatt eller planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard.
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling.
- f) hva kommunen eller gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26»

Formannskapet innstiller til vedtak om årsregnskap og årsberetning. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet innstiller til vedtak. (§ 14-3).

Om kontrollutvalgets uttalelse:

Kontrollutvalget skal uttale seg om dette:

- Kommunekassa sitt årsrekneskap og årsberetning
- Konsolidert årsrekneskap
- Kommunale føretak
- Lånefondet

Fordi Surnadal kommune ikkje har nokon kommunale føretak, har ein ikkje noko konsolidert rekneskap her.

Følgjande dokument inngår ved behandlinga i kontrollutvalet:

- Årsmelding m/ årsrekneskap for 2024
- Revisjonsberetninga
- Forslag til uttale frå kontrollutvalet



Det er berre den lovpålagde årsberetninga, slik ho er beskriven i kommunelova § 14-7, kontrollutvalet er pålagt å uttala seg om (Forskr. om kontrollutvalg og revisjon § 3).

Kontrollutvalet skal også behandla nummererte brev samtidig med årsmeldinga. Det har ikkje vorte skrive nokon slike brev i samband med årsrekneskapen for 2024.

Årsrekneskapen:

Dei kommunale driftsinntektene var på 803 mill. kr. og driftsutgiftene 820,7 mill. kr. (brutto)

Årsrekneskapen viste eit negativt netto driftsresultat på 35 mill. kr.

Disposisjonsfondet var brukt opp ved utgangen av året. Det var også et eit framført meirforbruk på kr. 17,8 mill

Premieavviket for året er 17,9 mill., slik at akkumulert premieavvik ved utgangen av 2024 er 92,2 mill. kr.

Premieavviket er knytt til ei ordning der ein, for å unngå store svingingar i pensjonspremien, skal utgiftsføre ein berekna pensjonskostnad i kvart enkelt års rekneskap. Differansen mellom den berekna kostnaden og den betalte premien blir kalla premieavvik. Utgiftsføringa av premieavviket kan fordelast over dei sju neste åra.

Rekneskapen vart ferdig innan fristen 22. februar.

Årsmeldinga:

Etter sekretæren si meining gir årsmeldinga eit godt bilete av Surnadal kommunes verksemd i 2024. Årsmeldinga dekkjer dei forholda det er lovpålagt å gjera greie for i samsvar med kommunelova §14-7.

Revisjonsberetninga:

I revisjonsberetninga skal revisor uttale seg om følgjande (Kommuneloven § 24-8):

- a) om årsregnskapet er avlagt i samsvar med lov og forskrift
- b) om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger samsvarer med lov/forskrift
- c) om årsberetningen inneholder de opplysningene som lov og forskrift krever
- d) om opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet
- e) om det er avdekket forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.



Viss revisor er kjend med vesentlege feil eller andre forhold av vesentleg betydning skal det sendast nummererte brev til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektør.

Viss revisor i revisjonsmeldinga konkluderer med atterhald, konkluderer negativt eller ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å konkludera, skal årsaka beskrivast. Revisjonsmeldinga skal også omfatta andre forhold som revisor meiner det er nødvendig å opplysa om i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Revisjonen kan også utarbeida revisjonsnotat der funn som ikkje er så vesentlege at dei er omtalte i revisjonsmeldinga eller nummererte brev, men som det bør orienterast om, blir beskrive.

Det ligg ikkje føre nokon nummererte brev eller revisjonsnotat for rekneskapen til kommunen for 2024.

Avslutning:

Saken legges fram for kontrollutvalget til behandling.

Knut Evandt,
Sekretær

Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 04/25	Kontrollutvalet	07.04.2025



FORVALTNINGSREVISJON OM REMIDT – DRØFTING AV BESTILLING AV PROSJEKTPLAN TIL FELLESPROSJEKT

Saksopplysningar

I Plan for forvaltningsrevisjon 2023-2027 er Remidt eit prioritert tema for forvaltningsrevisjon i selskap. I denne saka blir det lagt opp til ei drøfting av aktuelle tema for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt i samarbeid med dei andre eigarkommunane i selskapet.

Fordi det går føre seg arbeid med denne saka i sekretariata i Romsdal og Trøndelag òg, er det behov for samordning. Saka blir derfor oppdatert på fredag.

Knut Evandt
Sekretær

Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 05/25	Kontrollutvalet	07.04.2025



FORVALTNINGSREVISJON – DRØFTING AV TEMA FOR NYTT PROSJEKT

Saksopplysninger

I denne saken legges det opp til at utvalget på bakgrunn av prioriteringslisten drøfter seg fram til en bestillingsprosess, et mer spesifisert tema for et forvaltningsrevisjonsprosjekt, og eventuelt bestilling av en prosjektplan for et forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Følgende områder er prioritert i Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027:

Forvaltningsrevisjon:

1. Personalforvaltning. Omstillingsprosessar – Særleg innan omsorgstenesta
2. Vann og avløp (*gjennomført*)
3. Internkontroll og risikovurderingar

Fordi budsjett og økonomistyring vart nemnd som eit aktuelt tema på førre møte, er ein forvaltningsrevisjon om «Budsjett og økonomistyring frå Holtålen kommune vedlagt som eit døme på aktuelle problemstillingar og kva ein kan få ut av eit slikt prosjekt.

Det blir også vist til risiko- og vesentlegheitsvurderinga for Surnadal kommune.

Knut Evandt,
Sekretær

Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 07/25	Kontrollutvalet	07.04.2025



OPPFØLGINGSLISTE

Sekretæren si innstilling:

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Saksopplysningar

Vedlagt følger ajourført oppfølgingsliste pr. april 2024

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring i lista.

Knut Evandt
Sekretær

Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 08/25	Kontrollutvalet	07.04.2025



SURNADAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2024-1801/01
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Knut Evandt
Dato: 05.05.2025

EVENTUELT

Saksopplysningar

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan dette gjerast her

Knut Evandt
Sekretær